



Hopp- og kombinertkomiteen@

Sakshand.: JIÅ/ IN

Dato: 22.02.2021

Arkivk.: hkk/møter/protokoll/19-21

## **PROTOKOLL TIL MØTE NR. 06 I HOPP- OG KOMB. KOMITEEN, 2019-2021**

**Stad:** Digitalt møte (Microsoft Teams)  
**Tidspunkt:** Måndag 22. februar 2021, kl. 20.00-21.10

### **Sakliste**

#### **REFERATSAKER**

**SAK 45 19-21** Godkjenning av innkalling og sakliste  
**SAK 46 19-21** Godkjenning av protokoll nr. 05 19-21 frå HKK

#### **DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER**

**SAK 47 19-21** Status hoppaktivitet Bjørkelibakkane  
**SAK 48 19-21** Terminliste 2020-2021  
**SAK 49 19-21** Rammer for budsjett 2021

#### **RAPPORTERING**

**SAK 50 19-21** Rekneskap 2020

#### **ORIENTERINGSSAKER**

**SAK 51 19-21** Norgescup Voss

#### **EVENTUELT**

---

**TIL STADES:** Jan Inge Årdal, Jon Ove Lomheim, Lars Kveen, Lars Brekke og Ingrid Narum (adm.)

**FORFALL:** Johnny Seljeset

**MERKNADER:**

**REFERENT:** Ingrid Narum

---

#### **REFERATSAKER**

**SAK 45 19-21** Godkjenning av innkalling og sakliste  
**Bakgrunn**  
Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

#### **VEDTAK**

Hopp- og kombinertkomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

## SAK 46 19-21

### **Godkjenning av protokoll nr. 05 19-21 frå HKK Bakgrunn**

Vedlagt er protokoll nr. 05 19-21 frå hopp- og kombinertkomiteen. Protokollen er godkjent elektronisk tidlegare.

#### **VEDTAK**

Hopp- og kombinertkomiteen godkjenner protokoll nr. 05 19-21.

## DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

### SAK 47 19-21

#### **Status hoppaktivitet Bjørkelibakkane**

##### **Bakgrunn**

Hoppssporten i Sogn og Fjordane er heilt avhengig av at Bjørkelibakkane kan nyttast til hoppaktivitet.

Komiteen drøfta i møtet status for hoppaktivitet i Bjørkelibakkane.

#### **VEDTAK**

Hopp- og kombinertkomiteen gjer vedtak om at følgjande punkt er avgjerande for hoppaktiviteten i Bjørkelibakkane:

1. Førebuing og tilrettelegging av bakkane:
  - For lite mannskap i dugnadsarbeid til å ha eit tilfredsstillande anlegg for hoppaktivitet, og det er basert på at også utøvarar og tilreisande må bidra i tilrettelegging
  - Grunnarbeidet må gjerast av hoppgruppa i Vetten IL
  - Hoppgruppa i Vetten IL må ha ein plan for grunnpreparering frå første snøen kjem
  - Anna aktivitet i hoppbakkane kan skape slitasje på platen og underlaget
2. Prioriteringar for anlegget bør vere å heve standarden på K70:
  - Få eit tilløp som er meir permanent for dagens krav
  - Heilårsbakke
3. Komiteen ber anleggskomiteen i Sogn og Fjordane Skikrins følgje opp anleggsaktiviteten i Bjørkelibakkane med bakgrunn i punkta over.

### SAK 48 19-21

#### **Terminliste 2020-2021**

##### **Bakgrunn**

Terminliste Hopp og Kombinert 2020-2021 er vedteken av hopp- og kombinertkomiteen med siste endringar 13.01.2021;

<https://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/hopp-og-kombinert/terminliste/>

Frå og med 23. februar er det igjen tillatt med skirenn innanfor eigen skikrins for barn og unge opp til 20 år, evt. i samarbeid med anna skikrins innanfor same fylke, så lenge respektive kommune ikkje har eigne reglar som avgrensar dette.

For utøvarar over 20 år gjeld framleis trening og skirenn i eigen klubb eller etablert treningsgruppe.

Informasjon om gjeldande retningslinjer for skiidretten finn ein i Norges Skiforbund sin koronarettleiarside;

<https://www.skiforbundet.no/norges-skiforbund/nyheter/2021/2/nsfs-koronaveileder/>

Komiteen drøfta endringar i terminlista i møtet.

SFEhopp Cup Krinsrenn i Vik 6. mars er avlyst grunna rådande forhold.

#### **VEDTAK**

Hopp- og kombinertkomiteen gjer vedtak om å avvikle KM i samband med Hordaland Skikrets sitt KM dersom det blir ope for krinsrenn for utøvarar over 20 år. Evt. avvikle KM i samband med anna aktuelt renn i løpet av sesongen dersom retningslinjene for smitteverntiltak tillet det.

#### **SAK 49 19-21**

##### **Rammer for budsjett 2021**

###### **Bakgrunn**

Skikrinsstyret vedtok i Sak 124 19-21 rammer for budsjettet i 2021.

Budsjett 2021 for hopp- og kombinertkomiteen er lagt ved som eige vedlegg. Komiteen drøfta i møtet evt. endringar i budsjett for 2021.

#### **VEDTAK**

Hopp- og kombinertkomiteen vedtek rammer for budsjett 2021.

#### **RAPPORTERING**

##### **SAK 50 19-21**

##### **Rekneskap 2020**

###### **Bakgrunn**

Rekneskap 2020 er vedlagt.

Nøkkeltal:

- Driftsinntekter; kr. 53 122,-
- Driftskostnader; kr. 47 360,-
- Resultat; kr. 5 762,-
- Eigenkapital HKK; kr. 147 400,-

#### **VEDTAK**

Hopp- og kombinertkomiteen godkjenner rekneskapen for 2020.

#### **ORIENTERINGSSAKER**

##### **SAK 51 19-21**

##### **Norgescup Voss**

###### **Bakgrunn**

Lars Brekke orienterte om status for Norgescup på Voss 26.-28. februar med innlagt NM Junior.

#### **VEDTAK**

Hopp- og kombinertkomiteen tek saka til orientering.



.....  
SOGN OG FJORDANE  
SKIKRINS  
.....

## **EVENTUELT**

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Jan Inge Årdal (s)  
Fung. leiar HKK

Ingrid Narum (s)  
Adm. sjef

**Vedlegg SAK 46 19-21 Godkjenning av protokoll nr. 05 19-21 frå HKK**

Hopp- og kombinertkomiteen@

Sakshand.: JIÅ/ IN

Dato: 18.11.2020

Arkivk.: hkk/møter/protokoll/19-21

**PROTOKOLL TIL MØTE NR. 05 I HOPP- OG KOMB. KOMITEEN, 2019-2021**

**Stad:** Digitalt møte (Microsoft Teams)  
**Tidspunkt:** Onsdag 18. november 2020, kl. 20.00-21.30

**Sakliste**

**REFERATSAKER**

**SAK 35 19-21 Godkjenning av innkalling og sakliste**  
**SAK 36 19-21 Godkjenning av protokoll nr. 04 19-21 frå HKK**  
**SAK 37 19-21 Referat frå Haustmøtet 24. oktober 2020**

**DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER**

**SAK 38 19-21 Aktivitetsplan sesongen 2020-2021**  
**SAK 39 19-21 Terminliste 2020-2021**  
**SAK 40 19-21 Rekrutteringsarbeid i klubbane**  
**SAK 41 19-21 Status anleggsprosessar**  
**SAK 42 19-21 Handlingsplan 2019-2021**  
**SAK 43 19-21 Refusjon samlingar for utøvarar**

**RAPPORTERING**

**SAK 44 19-21 Rekneskapsrapport pr. 10.11.2020**

**EVENTUELT**

---

**TIL STADES:** Jan Inge Årdal, Jon Ove Lomheim, Lars Kveen, Lars Brekke, Bård Ove Bergset (Veten IL) og Ingrid Narum (adm.)

**FORFALL:** Johnny Seljeset

**MERKNADER:** Bård Ove Bergset (Veten IL) deltok i sak 38-40. Jan Inge Årdal deltok ikkje i sak 39-40.

**REFERENT:** Ingrid Narum

---

**REFERATSAKER**

**SAK 35 19-21 Godkjenning av innkalling og sakliste**  
**Bakgrunn**  
Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

**VEDTAK**

Hopp- og kombinertkomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

**SAK 36 19-21**

**Godkjenning av protokoll nr. 04 19-21 frå HKK  
Bakgrunn**

Vedlagt er protokoll nr. 04 19-21 frå hopp- og kombinertkomiteen.  
Protokollen er godkjent elektronisk tidlegare.

**VEDTAK**

Hopp- og kombinertkomiteen godkjenner protokoll nr. 04 19-21.

**SAK 37 19-21**

**Referat frå Haustmøtet 24. oktober 2020  
Bakgrunn**

Referat frå Haustmøtet er vedlagt.

**VEDTAK**

Hopp- og kombinertkomiteen tek referatet til orientering.

**DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER**

**SAK 38 19-21**

**Aktivitetsplan sesongen 2020-2021  
Bakgrunn**

Komiteen drøftar rammer for aktivitetsplan 2020-2021 i møtet.

Representant frå hoppgruppa i Vetten IL deltok i møtet under denne saka, då komiteen ynskjer å ha ein god dialog med Vetten IL for å sjå på kva aktivitet ein kan få til i Bjørkelibakkane kommande vinter.

**VEDTAK**

Komiteen gjer vedtak om å legge opp til aktivitet gjennom treningssamlingar, krinsrenn og rekrutteringsrenn i terminlista.

**SAK 39 19-21**

**Terminliste 2020-2021  
Bakgrunn**

Jon Ove Lomheim er oppnemnt som terminlisteansvarleg i komiteen og har jobba med framlegg til terminliste.

I møte nr. 03 19-21 vart desse punkta sett opp då komiteen drøfta rammer for terminliste 2020-2021:

- sette dato for KM
- rekrutteringsrenn fleire stadar i krinsen (SFEhopp Cup), kontakt med fleire klubbar ved alpinanlegg
- sonevis SFEhopp Cup finale?

Komiteen og rep. frå Vetten IL drøfta saka i møtet.

**VEDTAK**

Komiteen gjer vedtak om å sette opp eit ekstra krinsrenn i Bjørkelibakkane i januar. Terminlisteansvarleg sender over framlegg til terminliste til Vetten IL.

## **SAK 40 19-21**

### **Rekrutteringsarbeid i klubbane**

#### **Bakgrunn**

Komiteen gjorde vedtak i sak 31 19-21 om å ta opp sak om rekrutteringsarbeid i klubbane på Haustmøtet 2020.

Følgjande vart drøfta på Haustmøtet 24. oktober 2020:

Korleis få til rekruttering:

1. Få til samarbeid med etablert skisenteret for langrenn og/eller alpint om tilrettelegging 1-5-10 meters-bakkar for enkle aktivitetar for rekruttering
2. Klubbane må ha tilgang til lette rekrutteringsski med NN-binding. Komiteen arbeider vidare med hjelp for dette til klubbane
  - Sponsorstøtte
  - Økonomisk bidrag frå komiteen?
3. Nye rekrutteringsbakker ved «sentrum» (ved skule og/eller andre sommaranlegg) (Eksempel: Stryn, Eid, Sandane, Førde, Sogndal, Gaupne)

Adm. har i etterkant av haustmøtet undersøkt innkjøp av lette rekrutteringsski med NN-binding, og har fått tak i 10 stk. frå Norges Skiforbund. I tillegg finst det andre aktuelle ski som kan vurderast.

Komiteen kan søke styret i Sogn og Fjordane Skikrins om støtte til innkjøp av rekrutteringsski, då styret ynskjer å støtte gode rekrutteringstiltak i komiteane.

Komiteen drøfta saka i møtet.

#### **VEDTAK**

Komiteen gjer vedtak om å legge til rette for å søke gåvemidlar hjå Sparebanken Sogn og Fjordane/Sparebankstiftinga til innkjøp av rekrutteringsski.

Vidare gjer ein vedtak om å søke styret i Sogn og Fjordane Skikrins om støtte til innkjøp av 10 par rekrutteringsski til bruk på rekrutteringstiltak i skikrinsen. Adm. følgjer opp saka.

## **SAK 41 19-21**

### **Status anleggsprosessar**

#### **Bakgrunn**

Komiteen gjorde vedtak i sak 34 19-21 om å følgje opp saka på Haustmøtet 2020.

Følgjande vart drøfta på Haustmøtet 24. oktober 2020:

Anlegg:

1. Vik
  - Skikrinsen må legge press på kommunen for utstyr til preparering av hoppbakken.

2. Stryn/Veten il
  - Høgste prioritet er tilrettelegging for både trening og krinsrenn i etablert anlegg. Hoppmiljøet i Sogn og Fjordane er avhengig dette einaste tilbudet, før realisering ved Sogn skisenter og tilfredsstillande prepareringsutstyr i Vik.
  - K70 bør prioriterast for porselen-/is-spor (NB: Betre stabilt spor enn idag).
  - Eventuelle ekstra tiltak om idrettslag har økonomi og ønskje om det (nytt og meir sentralt skitau også for K70, plastlegging K70 osv.).
3. Rekrutteringsbakke Førde sentrum
  - Bør få den realisert snarast
4. Rekrutteringsbakke Stryn sentrum
  - Bør få den realisert snarast
5. Hoppanlegg Sogn skisenter
  - Realisering er avgjerande for hoppporten i Sogn og for skikrinsen elles.

Komiteen drøfta saka i møtet.

#### **VEDTAK**

Komiteen gjer vedtak om å legge press på Vik IL til å ferdigstille prepareringsutstyr til hoppbakken og tilløpet.

#### **SAK 42 19-21**

#### **Handlingsplan 2019-2021**

##### **Bakgrunn**

Sogn og Fjordane Skikrins sin handlingsplan 2019-2021 vart vedteken i samband med Skikrinstinget 2019.

I møtet handsama komiteen handlingsplanen, drøfta hopp- og kombinertkomiteen sine tiltak, samt avklara vidare ansvarsfordeling.

Planen finn ein vedlagt.

#### **VEDTAK**

Hopp- og kombinertkomiteen tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om å følgje opp handlingsplanen i høve til drøfta arbeidsfordeling og tidsfristar.

#### **SAK 43 19-21**

#### **Refusjon samlingar for utøvarar**

##### **Bakgrunn**

Komiteen har retningslinjer for refusjon for dekking av kostnader for utøvarar i samband med renn og samlingar utanfor Sogn og Fjordane.

Adm. har bedt aktuelle utøvarar/føresette om å sende inn dokumentasjon for aktuelle renn og samlingar i 2020.



Komiteen drøfta saka opp mot budsjett og rekneskapsrapport pr. 11.11.2020.

**VEDTAK**

Komiteen gjer vedtak om å dekke kostnader som er sendt inn frå løparar for renn og samlingar utanfor Sogn og Fjordane i 2020.

**RAPPORTERING**  
**SAK 44 19-21**

**Rekneskapsrapport pr. 10.11.2020**

**Bakgrunn**

Rekneskapsrapport pr. 10.11.2020 vert sendt ut som eige vedlegg. Rapporten vart presentert i møtet.

**VEDTAK**

Hopp- og kombinertkomiteen tek saka til orientering.

**EVENTUELT**

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Jan Inge Årdal (s)  
Fung. leiar HKK

Ingrid Narum (s)  
Adm. sjef